

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

JULI 2021

Innhold

Leiaren har ordet	2
Då Smed-Ola sprøytte aplane av Olav H. Hauge	4
Med Olav H. Hauge til minnesamling over Olav Nygard. Av Marit Hafting	6
Livshistorie og risikoprosjekt. Av Anne Karin Fonneland	7
Bokmelding. Olav H. Hauge og trea. Av Arne Sunde	12
Plantenavn i Olav H. Hauge dikt, henta frå Olav H. Hauge i planteriket. Av Åsmund Bjørnstad	14
Revebjøllor i grustaket av Olav H. Hauge	19
Ikorn av Olav H. Hauge	20
Essay om Det er den draumen. Av Simon Uceda Velez	21
Veikt er det strået som stend åleine. Av Arne Skjerven	31
Mutasjoner her og der - om Raud Prins. Av Olav Ljones	32
Kort om skribentane i dette heftet	34



LEIAREN HAR ORDET av Olav Ljones

Naturtap er tema for poesifestivalen i år. I dette nummeret har me samla fleire prov på at Olav H. Hauge hadde eit nært tilhøve til naturen.

Det er ein artikkel om plantenavn i dikta henta frå ein artikkel av Åsmund Bjørnstad. Her får lesaren eit komplett oversyn over planter som er omtala i dikta til Hauge. Det er og teke med bokmelding av ei bok om Olav H. Hauge og trea, som er skiven av Anne Karin Fonneland.

I dagboka er det omtale av mange turar til fots eller på ski som Olav H. Hauge hadde, og ein kan vise til at han skreiv ein rik tekst om Fjella omkring Finse i årbok 1950 til Den Norske Turistforeining.

Idar Stegane har siste året gjeve ut ei bok «Nordiske dikt i hundre år. Lesingar» Her er brei omtale av artiklar av Espen Stueland om Hauge og natur og økologi, og toksikologi. Espen Stueland har ein artikkel i Venelagsheftet for oktober 2015. «Et toksikologisk motiv i Olav H. Hauges dikting» (sjå heimesida til Venelaget).

Eit av dikta som Stueland peiker på i si drøfting er diktet «Då Smed Ola sprøyte aplane». Dette er eit dikt som stod i dei første sokalla Hjeltnesskrift utgjeve i 1941 (Hagebrukskulen Hjeltnes 1901–1941). Det er eit særmerkt

Haugedikt ved at det fortel om ein namngjeven person, smed-Ola. Det er og særmerkt ved at diktet er illustrert av Edvin Danielsen. Edvin Danielsen frå Fana var elev på Hjeltnes, ferdig i 1940. Diktet er ikkje teke med i «Dikt i samling», og det vart heller ikkje inkludert i samlinga «Seljefløyta» som Bodil Cappelen ga ut i 2018. So ein kan vel seia at Stueland drøftar Hauge sitt toksikologiske motiv knytt til eit litt atypisk Hauge-dikt. Likevel gjer det som Stueland skriv ei djupare forståing av Hauge sin poesi.

Det er ikkje tvil om at Hauge var oppteken av natur og ikkje lika inngrep og endringar i naturen. Samstundes kan ein vel og seia at Hauge som poet og i sine tankar om poesi ikkje lika den poesien som var kampdikt eller politiske dikt. Diktet «Me legg bekken i røyr» er nok ikkje eit kampdikt mot kraftutbygging, men om ei lita og praktisk omlegging av ein bekk nær eit gardstun.

I dagbökene til Olav H. Hauge er det heller ikkje mange kommentarar om aktuelle saker som handlar om naturvern. Ein stad skriv Hauge om kraftutbygginga i fjella mellom Osa og Eidfjord. Han fryktar at arbeidet vil forstyrra reinsflokkane som han kan sjå frå Rossvold. Eg kan i farten ikkje finna at Hauge i dagboka nemner viktige

miljøkampar som Mardøla eller Alta-aksjonane.

No for tida er den politiske debatten mykje retta mot spørsmål om ein skal stogga oljeleiting og utvinning. Det er omsynet til utslepp av CO₂ og klima som særleg er grunnen til dette. So kan ein merka seg at Olav H. Hauge i ein liten notis i dagboka tek opp om ein skulle la olja liggja i ro (dagboka band IV side 375 frå 29. april 1977).

«*Elles berre olje. Skil seg um dei kan stengja røyri i dag. Uhyggeleg. Galenskap.*»

Dette er sterke ord som ein kan undra seg over. Går ein attende i historia kan ein truleg finna ei forklaring ved at desse orda vart skrivne samstundes med ei av dei alvorlegaste hendingane i oljeverksemda, ulukka med utblåsing på Bravoplattforma. 29. april er om lag same dagen som dei amerikanske olje-heltane Red Adair og

Boots Hansen saman med norske ekspertar fekk stogga utblåsinga. Mange, ikkje berre Olav H. Hauge, var uroa over oljeverksemda i desse dagane.

So eg trur at oppsummeringa til Idar Stegane står seg. Hauge var sterkt knytt til natur. Han var uroa over endringar i naturen, men er ikkje rekna som ein diktar som skriv politiske dikt for å fremja ei sak, vern om naturen. Til same tid er det ikkje tvil om at diktarverket og Hauge si tilnærming har inspirert mange av leserane til å ta del i kampen mot tap av natur.

Idar Stegane skriv i si elektroniske bok frå 2020 side 194 «Olav H. Hauge har dikt gjennom heile forfattarskapet som kan seiast å gi uttrykk for et økokritisk syn på tilværet. Det skjer ikkje primært referensielt og direkte, men meir gjennom skildringar og stemningar ofte i utsøkt språk».

INNBETALING AV LAGSPENGAR

**Det er nokre som ikkje har betalt for 2021
og som vi gjerne vil ha med i laget vidare.
Venelaget skal ha eit program under
Poesifestivalen kl. 14 den 4. september 2021
på Rossvold og medlemmane får billett til halv pris.**

Dei årlege lagspengane er kr 250 og betalast inn på konto 3450 30 01960 ved kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik. Du kan også Vippsa til: #586853

Skriv tydeleg namn og adressa til avsendaren og send e-post-adressa til ola-lj@online.no

Då smed-Ola sprøitte aplane.

Av Olav Hauge. Tegna av Edv. Danielsen.

Burti geila ligg smidja hans Ola
beint inni bakken, rett i mot sola.
Han hev den der molen
med vinbær og kålen.
Men ovanum gjerdet
stend både plomme og pære.
Um hausten det lytte og raudna,
og Smed-Lina putra og pauna:
«Til vårs lyt du planta, du Ola,
so borna fær eple til jola».
«Ja, vert det 'kje fred,
so lyt det vel te»,
grein Ola smed.

Um våren strauk Ola til Rame
og henta trea med same.
«Men trea må skjerast», sa mannen.
og «sprøyting må lærast», sa grannen.
— Ola sette trea ved nova
til livd for bua og stova.
Dei fekk den pålagde skjøtsel
med vatning og rikeleg gjødsel,
og då han fekk stytt dei med soks,
sku' du berre set kor dei voks!
Dei lika væta og hiten
og vårt kålende grøne i liten.

Men so tok trea til stura,
og Ola gjekk lenge og fura
fyrre han endeleg såg kvar det stakk.
Jau trea var fulle av makk!
Og Per som var kunnig, fortalte
at slikt var ei sykje på alde.
Han kom med råder og skjema
og la so sakleg ut sit tema
at smeden vilde ikkje bia:
I morgen sku' makken få svida!



So rørde han tobakk og såpe
med ungane storøygde glåpe'.
For no ska makken og lusa
bli passande øre og russa.
Og Smed-Ola sprina og spraytte
og miksa og blanda og bleytte.
— Men kreket og åtet
liko visst tobakken godt.
Dei vart litt sljoe og våte,
men lus krak som fyrre etter skotet,
og ámone maula på Glott.
Men då vart han Smed-Ola galen,
og det fall slike ordlag i talen
som stundom kan høva ein smed.
— So henta han loddelampen,
sette upp fræsen
og sveid yver kvart einaste tre!
Og truleg laut avåtet te....



MED OLAV H. HAUGE TIL MINNESAMLING OVER OLAV NYGARD

«Nygard var ein stor diktar» av Marit Hafting



Frå Hordaland 6. juli 1994.

10. juli 1974 ville Olav Nygard vore 90 år. Han vart berre 40 år. Sundag 14. juli 1974 skipa Voss mållag til tur til fødestaden Krossen i Modalen. Me budde på Voss den gongen. Mannen min, Johannes Kvestad, var med i styret i Mållaget og skulle leie samlinga på Krossen og foran støtta av Nygard nede på Mo. Han kom rett frå Universitetet og var ein garva studentpolitikar, så dette oppdraget tenkte han å ta på strak arm. Dagen før avreise stakk han som snarast innom biblioteket

for å sette seg inn i bakgrunnen og diktinga til Nygard, som ei førebuing. Det synte seg ikkje å vere so greit, Olav Nygard er ein diktar som krev meir enn ein times skårlesing. Gode råd vart dyre.... Heldigvis kom Olav H. Hauge, som skulle vere med på turen, opp frå Ulvik med bussen om kvelden for å overnatte. Han gav oss ei tredobbel forelesing utover kvelden og natta om Olav Nygard, om livssoga og ikkje minst diktinga. I løpet av den ljose sommarnatta kom Olav Nygard gradvis tydelegare fram ettersom Hauge fortalte og me las dikt og samtalte. For meg vart det inngangen til ei dikting som har gitt mykje glede og innsikt.

Neste morgen smurde me nistepakke og for av garde store og små med buss og sandskute, og møteleiaaren var godt førebudd for oppgåva.

15. juli 1974 skreiv Hauge fyljande om turen til Modalen i dagboka. «..... Då me sat og fekk oss mat – me hadde niste med – i tu net på Nygard, snakka eg med ein gammal mann som hadde kjent Nygard godt, han var gardbrukar frå ein gard til bytes med Nygard. Eg spurde han kvar Såtehonn var. Nei, ikkje noko fjell hadde det namnet der ikring. Såtestolen, sa eg. Nei,

ingen stol i Modalsfjelli heitte det. Javel. Det sa meg mykje. Nygard dreiv ikke naturskildring i realistisk mening. Diktinga hans er eit imaginært univers, typisk for den symbolisten han var. Likevel, det er mangt som minner um natur, ei typisk våt frodig Vestlandsnatur i diktingi hans.

Mange av dikt til Nygard er klagedikt, der hans eigne vanskar kjem sterkt til ords. I «Mann» er slikt yvervunne, det er ålment, ei sterk hylling til menneskeverdet og manns vilje og evle. Eit sigersdikt. Eit slikt dikt kan lyfte ein veik vilje.

For dei som er uppalne med den romantiske diktingi, er den moderne diktingi heilt uskynleg, det er ikkje dikt i det heile.

Stort set kan ein segja at den tradisjonelle diktingi på vers helst lika å skildra ljospunkti i tilværet,

lukkestundene. Skildra dei døden og ulukka, skulde likevel mannen sigra gjennom ånd, lyfta seg yver naudi, døden og ulukka.

Ja, ja. Det er ingen ting å segja på dette. Livet var hardt, det var ikkje noko løge at dei klengde seg ved voni, ljospunkti, den vesle lukka her var. Rett nok var slike stunder fåe og sjeldsynte, men det fanst sæle nok i eit anna tilvære, sæleheimar i det uendelege. Der vende dei augo og hugen og tok ut på borg. Å, mannen er underleg!

Nygard. Symbolist. Imaginært univers. Men ikkje blodlaust, abstrakt. Men eit konkret, frodig, livfullt univers, dynamisk, stridande i skaping. Eller fredfullt, kvilande, drøymande. Jau, Nygard var ein stor diktar.

Vegen var smal, det var som å køyra på ein sytråd.»

LIVSHISTORIAR OG RISIKOPROSJEKT av Anne Karin Fonneland

Det er haust. Eg skulle ha plukka plommer i Hardanger, men det er ingen plommer dette året. Våren vart for kald for humler og bier då blomane var der. Det blir også ein dårleg eplehaust då epla vart angripne av rognbærmøll. Lite rognbær, slik det er i år, aukar faren for at møllen går til angrep på epla. Den mangelfulle plommehausten er berre litt trist for oss, men det er eit stort og alvorleg problem for fruktboendene som skal leva av det.

I dei siste åra har eg nyoppdaga trea fordi eg veit at dei er viktigare enn eg trudde. Eg merkar at eg er redd for frukttre om våren. Vil det koma normale temperaturar? Vil det koma humler og bier som kan pollinera? Eg ser på fruktbløminga med ny respekt. Angsten ligg like under når eg går slik og observerer. Kor lenge vil dette vara? Klarar vi å halda liv i biene? Har humlene alltid vore så små? Det var mest ikkje veps dette året. Kvar er vepsen?

Våren kjem tidlegare og verforholda er meir ustabile gjennom heile sommaren. Gjennomsnittstemperaturen har auka, det kjem meir styrregn, oftare ras og flaumkatastrofar slik FN sitt klimapanel har varsla. Alle merkar klimaendringane, men unngår ein innsikt om samanheng? Behovet for vekst og manglende evne til reduksjon fører verda i feil retning mot det såkalla vippepunktet som vil gjera det umogleg å bremsa. Vi arva og overtok ein frukthage i Norheimsund i Hardanger. I byrjinga trudde vi at frukthagen skulle gje oss frukt og at vi berre skulle ta imot. Det har vist seg at det er ikkje slik. Vi må gje omsorg og næring til kvart tre for å få godt resultat tilbake. I dei seinare åra har vi vorte meir medvitne om at trea også skal stellast. Det betyr klipping i løpet av vinteren og tidleg vår, det betyr gjødsling, og ikkje minst tynning når det byrjar å bli frukt. Seinare er det å fjerna årsskot som trekker næring frå det som skal veksa. No opplever vi glede ved å stella frukthagen og har oppdaga at samspel går to vegar. No erfarer vi kor mykje omsorga betyr. Det er eit betre fellesskap med trea etter at vi byrja å syna dei meir respekt. Vi tek bilete og frydar oss over bløminga om våren. Vi er stolte når vi plukkar og smakar på frukta om hausten. Kvart eple skal leggjast varleg ned i kassane. Vi har lært at eple skal behandles som egg.

Det er forholdsvis enkelt å vera i samspel og samanheng med ein hobbyhage, men det er verre når vi skal gå i gang med dei store klimaproblema. Korleis kan vi overföra det enkle til det større og kompliserte? Respekt er ei grunnleggjande haldning som vi menneske har lært eller har i større og mindre grad. Andre ord for respekt er aktelse, ærbødighet, ærefrykt står det i framordboka til Kunnskapsforlaget. Verkar desseorda litt gamaldagse?

«Me kviler ikkje i tidi og naturi, har ikkje ro til å gå i gang med sjølvgløyande arbeid. Kvar er so febrilsk uppteken med å gjeva uttrykk for sitt eige ego, sine tankar, sitt vesle sjellev og driftsliv, lenger rekks me ikkje. Og so kjem det usæle: Ser me naturi anten det no er hav eller stjernor, fjell, skog, so er det oss sjølve me ser, våre lengslor og draumar, våre sorger og sjuke tankar, me speglar oss i naturi. Landskapet, naturi for hennar eigi skuld, ser me ikkje, gjev oss ikkje av med å prøva skildra og gjeva att. Me er ego-sentrert, har aldri ofra oss sjølve, me (er) alltid det viktigaste i kva me gjer, me har gløymt å tena, det er det som er saki. Me kan då heller ikkje tena kunsten». (Olav H. Hauge)

I dei siste åra har eg brukt ein del tid med forfattaren Olav H. Hauge sine dagbøker. Gjennom lesinga har eg funne at han stadig opplevde å vera fortvila over man-

gande respekt for naturen. Han opplevde endringa i jordbruket, krav om auka produksjon og bruk av plantevernmiddel som eit overgrep på det levande. Haldninga hans til planter og tre var audmjuk og grunnleggjande. Tre var levande individ som skulle stellast og få pleie. Det var eit sjukdomsteikn med for rask vokster på grunn av for mykje gjødsling meinte han. Fleire av dikta hans viser denne omsorga.

Olav H. Hauge vaks opp med arbeid i naturen og vart utdanna gartner. Det var naturleg for han å sjå og forstå plantene sitt liv. Som fruktbonde tok han også i bruk

DDT som var rekna for å vera eit mirakelmiddel då det ville auka avlingane. Han såg at humlene døydde av gifta og har skildra kor vondt det var å oppleva at han sjølv hadde teke livet av dei. «Det er ikkje fint å drepa sine beste vene i frukthagen» skrev han mellom anna etter at han såg humler liggjande på rygg og andre som var døyande. Etter protestar og ny kunnskap skjøna ein etter kvart at nervegifta DDT påførte naturen ubotelege skadar. Det vart forbode kring 1970 i Noreg og fleire andre land.

Hauge nemnde ofte endringa i jordbruket og hugsa bønder som ikkje dreiv forretning. Åkerbruk

POESIFESTIVALEN 2021 3.–5. september i Ulvik

Festivalprogram og praktisk informasjon om t.d billettsal finst på nettstaden til Poesifestivalen

www.poesifestivalen.no

Det er eit rikt program som vil ha stor interesse for medlemmar av laget. Venelaget har ansvar for ein del av programmet «UPPSKOKA» på Rossvold laurdag kl 14–15 med diktlesing og musikk.

Uppskoke - Poesifestivalen.no

Vi vonar å sjå mange av medlemmane der.
½ pris for medlemmar
Utdeling av Amboltprisen frå kl 15

hadde ein gong vore heilag kunst, skreiv han i dagboka i 1959. Slik kom dei nærmare kvart individ og kunne oppdaga korleis både planter og dyr hadde det. Det blir nærliggjande å tenkja på vår tid sine kylling- og grisefjøs der vi har sett lidande dyr. Kravet om stordrift og effektivitet kan i verste fall føra til ei usynleggjering av levande liv. Erkjenning bør utvidast frå oss sjølve til heile naturen, skreiv filosofen Arne Næss. Han hevda at alle levande vesen har eigenverdi, det vil seia verdi uavhengig av den nytteverdien dei måtte ha for menneska. Dette vart grunngjeve både logisk og kjenslemessig ut frå eit filosofisk eller religiøst grunnsyn som den djupøkologiske rørsla delte om at alt liv heng saman. I boka *Livsfilosofi*, 1999, opererer han med ordet ratio som Næss kallar samvitet si stemme eller «ei indre stemme.» Å lytta til denne stemma er viktig for å unngå det negative og passive. Det negative kan gjera menneska til «slavar» slik at ein unngår å handla når ein bør, hevda Næss.

Naturfilosofen, Sigurd Hverven, har skrive at det er vanleg å tenkja på eige livsprosjekt og eigne planar som noko eksklusivt menneskeleg. Vi har lang tradisjon for å sjå dette eigne uavhengig av naturen kring oss. Vi er opplærde til å tru at naturen verkar etter mekaniske lover. Han meiner at det blir viktig å sjå på individua kring oss som livshis-

toria. Ei plante er ei lita forteljing som byrjar før planta har blitt til, når pollen vert frakta frå blom til blom av ei humle. Eit frø vert skapt. Det losnar frå foreldreplantar og landar i jorda. Når våren kjem, spirer det og byrjar å veksa. Etterkvart får planten eigen blom med eige pollen som vert frakta av ei ny humle. Kvar plante har ei slik livshistorie. Men livshistoria er der ikkje utan samspele. Alle planter, dyr, artar og økosystem er små eller store forteljingar. Kvar livshistorie er avhengig av omgjevnaden og dermed også risikoprosjekt. Om eit ledd i prosessen vert borte, kan liv forsvinna skriv han i boka *Naturfilosofi*, 2018.

For oss er plomme- og eplehausten ei tydeleg forteljing om kor avgjerande det er at humlene og biene kjem i rett tid, men også kor viktig det er at vi menneske deltek med innsikt og respekt. Det er spennande å vera aktiv medhjelpar i staden for passiv.

Behovet for stadig meir vekst, energi og utvikling er eit mantra som øydelegg og tek meir liv enn det gjev. Planar om store vindkraftfelt og firefeltsvegar synleggjer kortsiktige og blinde vekstbehov. Dei store internasjonale selskapa opererer langt utanfor naturen si stemme. Desse kreftene vil ofte bagatellisera, avvisa og skapa forvirring om eigen produksjonvekst (grønfarging) og om klimaproblema. Dette gjer at folk flest opple-

ver motstridande informasjon om klimaendringane og om kva som er aktuelle og viktige tiltak. Det kan igjen gjera mange ganske utmatta når ein søker å forstå og skal ta stilling til kva som bør gjerast for å hindra klimagassutslepp. Heldigvis har vi moglegheit til å søkja informasjon frå massiv forskning gjennom FN og andre seriøse organisjonar som jobbar med dette.

Samvær med naturen kan uansett vera drivkraft for oss alle om vi gjev eit slikt fokus når vi skal etablira krefter for å delta i kampen mot den globale oppvarminga og klimaendringane. Vi treng ikkje gå langt for å sjå planter og tre som blir vakkert farga og haustdekket


som snart skal verna det nyelivet som kjem til våren. Mange kjenner nok på den «indre stemma» som omfattar naturen og framtida? Å sjå etter livshistoriar, og å forestilla oss vilkåra for alt som skal leva med oss og etter oss, aukar kjensla av å høyra til i ein heilskap. Koronakrisa har vist oss kor plutselig isolasjon og behov for sjølvforsyning oppstår. Vi kan sjå for oss auka miljøvennleg eigenproduksjon av mat og reduksjon av import. Vi kan også medverka til at klimasaka blir stor og viktig ved neste Stortingsval. Vi har stemmer og er med i den store samanhengen, og derfor også ansvarlege. Ein treng ikkje ha ein frukthage for å innsjå det.

ESSAY

Anne Karin Fonneland:

**Olav H. Hauge og trea
Om å sjå naturen og
klimakrisa no!**

Efrem forlag



Om klimakrisa og poesi.

Anne Karin Fonneland har kome med essaysamlinga *Olav H. Hauge og trea. Om å sjå naturen og klimakrisa no!* Tidlegare har Fonneland gjeve ut fem diktsamlingar, ein roman og bøker for barn. I denne essaysamlinga skriv ho om emne som opptek ho, nemleg naturen, klimakrisa og Olav H. Hauge. Med denne boka skriv ho seg inn i ein nynorsk essaytradisjon av forfattarar som Garborg, Økland, Fløgstad og Fosse.

Essayet som hybrid

Eit essay kan definerast som ein kort tekst på prosa der det subjektive preget er meir vesentleg enn den saklege handsaminga av emnet. Essayisten er sokjande og nysgjerrig og kjem gjerne fram med nye spørsmål. Nokre vil hevda at essayet ligg mellom fiksjon og sakprosa. Ein snakkar gjerne om formelle og uformelle, eller personlege essay.

Det formelle essayet diskuterer ei sak, eit emne, medan det uformelle essayet er meir personleg og fabulerande. I denne essaysamlinga klarer Fonneland å kombinera dei to typane. Nokre essay omhandlar konstateringar av klimaskrisa både lokalt og internasjonalt, medan i andre tekstar reflekterer forfattaren omkring naturen, litteratur og det menneskelege. Framstillinga hennar syner litterære kvalitetar i språket og ved bruk av litterære verkemiddel som intertekstualitet. Fonneland går i dialog med og brukar dikt og dagboksnotatar av Hauge (og eigne tidegare tekstar) i diskursen som støtte for sitt eige syn.

Eitt essay

Boka til Fonneland innhold 16 korte essay. Eller utgjer heile tekstkorpuset eitt essay? Teksten eller tekstane kan nemleg lesast som eitt essay strukturert som eit tre med stamme og greiner. I grunnstamma får essayet rot i fortida gjennom mytar frå antikken, norrøn tid og Bibelen. Teksten vandrar frå grein til grein og handlar om fruktdyrking, jordbruk, skogbruk til kunnskap om bruk av trea. Tekstane har ein tematisk samanheng ved at poesien, omgjevnaden og landskapet er med heile tida. Essayet har og ein sirkelkomposisjon ved at den første og siste teksten er knytt saman. Heile teksten kan og lesast, som ho sjølv skriv, som «...ei forteljing om å høyra til i ein kultur og i ei natur...» Lest slik, vert teksten ei forteljing om hennar eige forhold til naturen, klimakrisa, tre og Olav H. Hauge.

Tre og poesi

Tre og poesi er sentrale emne i teksten. Fonneland syner til treet sin symbol- og funksjonsverdi gjennom tidene. Vidare syner ho kor avhengig mennesket er av naturen som kjelde til inspirasjon, kreativitet og rekreasjon, og samstundes kor prisgit naturen er mennesket.

I dei tekstane som handlar om klimakrisa i verda i dag, støttar ho seg til brei lesing av filosofar og internasjonale forskarar. Her vert Fonneland personleg og har

ein bodskap å koma med; noko må gjerast med klimakrisa før det vert for seint. Eg vil ha det normalt, seier ho ein stad og legg til at ho føler meir og meir ubehag. Dei beste og mest interessante tekstane i samlinga er etter mitt syn dei litterære. Her finn ho fram til dikt og dagboksnotatar av Olav H. Hauge for å «...syna fram tankar frå Hauge som eg meiner er nyttige i vår tid med klimakrise.» I nærlæsing av dagbøkene og dikt av Hauge finn ho tankar som passar inn i dette perspektivet. I fleire av tekstane siterer ho Haugedikt og utdrag frå dagbøkene hans og kjem med innsiktsfulle kommentarar til desse. Fonneland syner at treet er eit gjennomgående motiv hjå Hauge, og at han var meir oppteken av naturen og klimaet enn vi hittil har trudd. Slik sett utvider Fonneland kunnskapen vår om tekstane til lyrikaren frå Ulvik.

Ei tankevekkjande, personleg og velskriven bok!

Gjengitt med løyve frå Anne Lise Fonneland, Arne Sunde og Dag og Tid

OLAV H. HAUGE SI DIKTING OG PLANTAR av Olav Ljones

Det er mange prov på at Hauge er sterkt knytt til naturen, fjell og dyreliv, men ikkje minst plantar. Ein gjennomgang og samla oversikt over omtale av plantar i dikta til Olav H. Hauge er skriven av Åsmund Bjørnstad i boka «Tid å hausta inn» frå forlaget Samlaget 2008. Her er tabelloversikten satt inn med mindre endringar. Takk til Åsmund Bjørnstad for at vi kunne nyitta tabellen.

Dei dikta som har flest plantenamn er Revebjøllor i grustaket og Ikorn
Dei dikta er med nedanfor.

PLANTENAMN	ART	DIKT
i den flaskegrøne grønska	Alge	Vårsjø
yver løynske tangskogar/og bråe stup	Alge	Møte
tangfløkje krabbande upp/ or svarte djup	Alge	Vårsjø
uviljes tare og svad	Alge	Bylgja
almkruna tek til å leva	Alm	Haustkveld
Eg kunne nå henne/i almen der og almar i lid	Alm	Stjerna
reir/har eg i ein almekoll	Alm	Fjellblokka kallar dei meg og
blømde oransjetreet som ved brunnane der	Appelsin(?)	Soga um Chii Yuan
Askestuvane stend grå/ved barden	Ask	Hausfiske
susa som askar	Ask	Fjellblokka kalla dei meg og
lilja høgt/i flogbratt vegg	Bergfrue	Revebjøllor i grustaket
at bjørki veks/berre um morgenon	Bjørk	Bjørki
bjørk på kvite bein/ved skura stein	Bjørk	I Ramnagjeli
Bjørk/i fureskog/- ei grøn fane	Bjørk	Bjørki
bjørkene held fram dei tunne greinene	Bjørk	Ris
Bjørki ute/risa rim på/himlens rute	Bjørk	Snø
Bjørki var so ljós/og kvälukt ho kjende	Bjørk	Soli kjem att
Bjørki vil ikkje fatna	Bjørk	Kvar var dei høge dagar?
Då slær bjørki/som tøygjer klaka ris	Bjørk	Jøkulen og treet
ei stuhabjørk	Bjørk	Ikorn
enno finst det ei bjørk/som er krokut	Bjørk	Dikt i dag
Er du i ætt med bjørki	Bjørk	Ætt
hard bjørk	Bjørk	Det ryk
Lat han ha dei, tenkjer bjørki	Bjørk	Bladi losnar
Millom ljøslegga bjørker	Bjørk	Vårkjennung
Og bjørk låg nedåt kasta(...)/ skok si krune fri	Bjørk	Og snjoen kom
og ungbjørk med slikjande	Bjørk	Revebjøllor i grustaket

PLANTENAMN	ART	DIKT
Svortna sno/på bjørkeris	Bjørk	Gjester
Vintersnaud bjørki loggar	Bjørk	Bøn
vårnæter/når bjørkene/sprett på svadi	Bjørk	Elvermøy
Tidelg bjørk stod alt musøyrd	Bjørk	Vår
Ei gamal bjørk fær snart/ raude merke av störved	Bjørki	Stakkars den som er gamal
I teigrond og tro/stend bjønnebær i krapar	Bjørnebær	Revebjøllor i grustaket
klasar av bjønnbær skin i kjerri	Bjørnebær	Tid å hausta inn
kring lundar av bjønnkjeks	Bjørnkjeks	Eg drøymer med burt
blåe fingerbjør	Blåklokke	Revebjøllor i grustaket
blåflis gret på vassjuk grunn	Blåtopp	Brunnen
Men stygge bulmegraset trivst	Bulmeurt	Blinde spjot
at eiki og eg kan stå der/og tegja	Eik	Eg stoggar under den gamle eiki
eikene på Jæren la seg ende ned	Eik	Stormen har vore her
eikerota seig å rikka	Eik	Fjell er tunge å flytta på
her er det eiker kring murane	Eik	De blå landet
Hit i eiki	Eik	Ikorn
Mange hadde måla ei eik fyrr	Eik	Les Lu Cgi og lag eit dikt
Naki vert eiki òg, men/ikkje fatig	Eik	Bladi losnar
Ein brakekall	Einer	I slåtta
gjera som brakjen	Einer	Ein lyt
or skogen/med brakebyrd	Einer	Uppskoke
ei einsleg kongsfure av ein einstape	Einstape	Eg drøymer meg burt
i einstape-engi	Einstape	I slåtta
det heng att eple i ein topp	Eple	Kveld i november
Eg hogg ned den store apalen utfor glaset/vilde ikkje..	Eple	Den store apalen utfor glaset
Ein apal utfor glaset i låg sol blør	Eple	Apal i snø
eld i apalen.../ Apalen stend att/ svart og slokken	Eple	Gjester
Frostskadd apal	Eple	Frostskadd apal
glad som ei siderflaske	Eple	Den gamle diktaren
Grøne eple er betre enn inkje	Eple	Grøne eple
og apal stend	Eple	Til eit Astrup-bilete
og aplane mine	Eple	Apal i snø
sitja i skuggen/med eit glas sider	Eple	T'ao Ch'ien
skytt ein apal krugg mot vind	Eple	Apal i haustvind
som me helsar aldeblossen um våren	Eple	Snø i Castilla
Ute stod blømande/angande alde	Eple	Uppskoke
Apalen sprett/uppatt/like rak	Eple	Eg skjek av trei
eg grov um fiketreeet	Fiken	Kvardag
Eg helsar alltid på finntoppen	Finnskjegg	Ein gamaldags nordmann
eit stuttov/i ein finntopp-haug	Finnskjegg	Til den lærde

PLANTENAMN	ART	DIKT
Er du i ætt med finntoppen	Finnskjegg	Ætt
Nardus stricta. Heiter han på latin	Finnskjegg	Ein gamaldags nordmann
Fjellblokka kallar dei meg òg fjellmo for sume	Fjellmo	Fjellblokka kallar dei meg og Fjellmo
Musørya heiter eg,	Fjellmo	Fjellblokka kallar dei meg og
Blanke soloddar stakk/gjenom furebar	Furu	Fjellblokka kallar dei meg og Soli kjem att
Einsleg fure	Furu	Einsleg fure
Er du i ætt med fura	Furu	Ætt
feit fure	Furu	Det ryk
fura hadde snjo//men fura stod der stor	Furu	Og snjoen kom
furetoll/roar seg i aurgryl	Furu	Revebjøller i grustaket
Furone har samla himmelsk bomull	Furu	Rit
furone ofrar litt kvåe	Furu	Vinterdag
gul måne/spring i fylgle//mellom furone /på åsen	Furu	Forseinka nattog
hogge den største fura eg har	Furu	Eg lyt finna på noko gale
klaka berg/med furepinnar	Furu	Solrim innunder jol
konglar i toll	Furu	Ikorn
Men fura er/myrk og stor	Furu	Bjørki
Rist som fura/snø av stakken	Furu	Solrim innunder jol
Skaren lyser kvit/millom fureleggene i vårljøset	Furu	Eg tomer omnsskuffa
trær fura gull på nåli	Furu	Og eg var sorg
var fura byrja å ande	Furu	Vårkjennung
granene hans Sjur	Gran	Stettarbekken
Granskog	Gran	Granskog
Høge grankjertar på rindane sloknar	Gran	Vinterdag
janglestrået/freistar liv i gruset	Gras	Revebjøller i grustaket
Eg er hatl	Hassel	Svartbror
Ein skarve hatlestuv	Hassel	Det stend ein hatlestuv
hoppa i hatlerunnar	Hassel	Ikorn
netene losnar	Hassel	Tid å hausta inn
vei eg um og neter	Hassel	Ikorn
plukk ikkje kvar ein blom/ på nysprotten hegg	Hegg	Fylg tanken
du er hegg	Hegg	Svartbror
heggebblom duvor i tanet	Hegg	I elvosen
I heggekruna	Hegg	Gartnaren drøymer
og heggebblom	Hegg	Fossen
på ein stad/ der hegg	Hegg	Til eit Astrup-bilete
ho;brumla i heggen	Hegg	Eg song um ein trosapinn
Gamal tiger/luskar i røygraset	Høgt gras	Gamal tiger
Is soleia/I bredegrus, i aur og stein	Issoleie	Is-soleia

PLANTENAMN	ART	DIKT
Kirsebærtreet utanfor er nake og svart	Kirsebær	Eg dreg ifrå glaset
kirsebærtreet/ blømer i tidleg vår	Kirsebær	Kirsebærtreet
dompapen lettar or kirsebærtreet/ der han stel knapp	Kirsebær	Eit dikt kvar dag
vil eg/syna han kirsebærtrei	Kirsebær	T'ao Ch'ien
kirsebærtree//legg systerkinn mot bredane	Kirsebær	Enno bur vinteren i Ijøset
trø lett som klokkeling på sokkjemyr	Klokkeling	Song trø lett på hjarta mitt
dung upp halm/skuff agner på dør	Korn	Slå ring om ditt liv
Hjå hine kom ikkje/korn på staur	Korn	Brunnen
korn/kan eg òg mala	Korn	Kverni
kornet var grønt/og mygla i laden	Korn	Jolebunda
Kornåkeren//Han er ikkje som andre åkrar	Korn	Kornåkeren
Kvi gråta korn, når skalet brest	Korn	Kvi gråta korn?
I dag kik kraftfiol fram/or fjarårs gras	Kraftfiol	Vår ved kjelda
og symre i skumbløytt grjot	Kvitveis	I elveosen
stend det symror att	Kvitveis	Vår ved kjelda
vermer steinhjarta, vekkjer symror	Kvitveis	Gråsteinen
kålen takast upp og kulast	Kål	Kveld i november
ein/grøn, grådig/lupin/ i elvesand	Lupin	Ettar lesnaden av Guillevic
kverv i kjørr og lyng	Lyng	Ikorn
Løvetann sagar i fjorgamle strå	Løvetann	Enno bur vinteren i Ijøset
marimell; på skrinn aur	Marimjelle	Marimjell
Meldestokken kik inn glaset	Meldestokk	Heime att
kvit mjödurt	Mjödurt	Fossen
snøen på oljegreinene	Oliven	Snø i Castilla
den nakne oreskogen	Or	Røyrkein
Og fjellfolen jagar bak oreskog	Or	I elveosen
orkjerri er lurvute/og hirne av rim	Or	Haustfiske
under svarte oredusar	Or	Vår ved kjelda
Eg veit korleis/flinten vert til /segjer ospi	Osp	Ospi
og kvefsen syg ut dei søte plommene	Plomme	Tid å hausta inn
brått syng det - og /two grøna poplar ris	Poppel	Det stend ein hatlestuv
Og poplar skalv som du i framand sus	Poppel	Eg hørde det på plestringi
setja potetor	Potet	Kvardag
reinrosa i gjøtter under jøklen	Reinsrose	Revebjøller i grustaket
revebjøllor, rauda grenaderar	Revebjølle	Revebjøller i grustaket
Revebjølla ringjer/dei siste rauda klokcone	Revebjølle	Sumar på hall
og ei revebjølle	Revebjølle	I slåtta
trasti leitar etter dei siste vinbæri	Rips	Tid å hausta inn
Rismarker og mandariner seg for han	Ris	Soga um Chü Yüan

PLANTENAMN	ART	DIKT
Ei natt eg kjem heim/ stend der two raunar	Rogn	Det stend ein hatlestuv
og raunen slank	Rogn	I Ramnagjeli
Gamle Laertes skar klunger	Rose	Kvardag
klunger	Rose	Revebjøllor i grustaket
njupone raudnar	Rose	Tid å hausta inn
og njupa vert ikkje raud	Rose	Kvar var dei høge dagar?
Rosone [---]/Eg vil syngje um tornane og roti	Rose	Klunger
Vollgravi er strøydd med rosor	Rose	Ofelia
yver klungermo	Rose	Svarte krossar
trakk ikkje i rugen	Rug	Syn oss åkren din
Røyrkevin skjelv i osen/blakke aks luter	Røyrkevin	Røyrkevin
Eg fann ei seljerunne	Selje	Seljeføyta
flyttebuddet seljepusar	Selje	Vår ved kjelda
gjer deg blid/som selja	Selje	Solrim innunder jol
Gule seljepusar/skein på grøne ris	Selje	Vår
nokre gule/seljeblad	Selje	Røyrkevin
Selja/stend gul/som i fjar/ men færre ser henne	Selje	Selja
sviv stille seljepusar	Selje	Fossen
her stend burken skygg	Skogburkne	I Ramnagjeli
i lundar av ... burkn	Skogburkne	Eg drøymer meg burt
Raudt i raudt/i burknabyskje	Skogburkne	Røvafot
skjelv burknelauv	Skogburkne	Fossen
Sjuskjera raud	Skogstorkenebb	Fossen
smylve um legg	Smyle	Revebjøllor i grustaket
gras og smørblom	Soleihov	Vårsjø
Liljone stend med brotne sverd	Sverdlilje	Haust
i syreblad	Syre	Til eit Astrupbilde
Kring sylvbunke-duskane/sviv fivrelld	Sølvbunkne	Eg drøymer meg burt
Eit godt dikt/skal lukta av te	Te	Eg har tri dikt
[rotstokkane]under mosen	Torvmose(?)	Yver hengjemyri
Her stend lushatten som fyrr	Tyrihjelm	Stol
enno er det tuvor med tyttebær i skogen	Tyttebær	Tid å hausta inn
Draum og død!Valmuor	Valmue	Georg Trakl
Valmue/.../Raude silkeplagg/ ligg kasta på marki	Valmue	Valmue
valmuor skin/i augneholor	Valmue	Korea
...stryk i villvin kringom kyrkjeglos	Villvin	Gartnaren drøymer

REVEBJØLLOR I GRUSTAKET Olav H. Hauge (Glør i oska)

Ei gapande flengje i skogen,
eit styggrive sår,
attrasa ligg det og urudt,
nedetter uthola bardar
torvone heng;
gloande grustippar
og digre grjotdungar
raudbrenn i solheten,
kiselflak
i regnvaska hummel
blenkjer og brår,
eit hjul av ei trillebår
stikk upp or sanden,
rotnande plankestubbar
ligg att og sleng.

Utmark og ulende kringum.
I teigrond og trø
stend bjønnbær i krapar
og ungbjørk med slikjande
smylve um legg.
Grustaket ligg der
audsleg og berrflekt,
ein skamflekk i skogen
som mangslungne livet
i villmarki
tek til å grø;
det sådde reinrosa
i gjøttor under jøkulen
og feste lilja høgt
i flogbratt vegg.

Foto: Olav Ljones



Hjelpest so åt:livet
og krefter i spel,
haustwind og røytande regn.
Rotveltor rusar utfor,
og moldtorvor slør
nedetter glovrute sandras,
lauvsmød og furetoll
roar seg i aurgryvl,
rusk og tros
legg seg i sanden og el
namn til mold,
eit og anna janglestrået
freistar liv i gruset,
her og kvar det nikkar
blåe fingerbjør.

Frå alle leider kjem det,
grustaket imot,
villgras og blomar i marki,
fuglar ber frø dit
som røtest i sand,
bjønnbær kjem krjupande
og klunger.
Ut or løynde skogdjup
kjem revebjøllor,
raude grenaderar
med grøne spjot;
i kvite steinurdi
stormar dei i døden,
ingen stad i skogen
kjem dei slik i brand!

Hit i eiki
attmed troppi
bykste han lett,
gjev seg til å pusla
der i eikekruna, --
det er natatid og annsamt
for ein ikorn
no um hausten,
blokkone dett.

Finn so ei nòt
som er til å gnaga,
byster upp rovehjulet
og sit der sael;
konglar i toll
veit eg um og neter,
og eit godt trygt reir
har eg i ein almekoll,
tenkjer han vel.

Under på hella
krökjer katten klo,
ikornet sit like kjerren
og gneg og knys:
Her slepp du ikkje til,
gamle Mons museveidar!
